

# ***KLEIVEN NEDRE***



***Av Knut Raastad, skrivi i 2004***

*Nedre Kleiven gnr. 93, bnr. 1 ovanfor Grevrusten i Nordherad vart skyldsett i 1861. Imbert Olsen 1814-1875, son til Ole Hansen Hagen, var i 1865 forpaktar i Kleiven. Imbert som var son til Ole Hansen Hagen vart i 1841 gift med Marit Ivarsdotter Moshuset 1814-1893. Fogdens bygsel til Engebret Olsen er frå 1841.*

*Gudbrandsdalskommisjonens Indberetning nemner at dei hadde festeseddel på livstid frå 1843. Imbert og Marit hadde barna*

*Ole f. 1840, gift 1883 med Marit Jonsdotter Kvitulen 1850-1915, i Synnesonstuen*

*Kari f. 1842, utflytt Rennebu i 1862, død 1873 i Kleiven*

*Iver 1843-1843*

*Ragnhild f. 1845, til Rennebu 1864, blind i 1875, budde da i Kleiven*

*Iver 1849-1855*

*Hans 1852-1936, neste brukar*

*Anne f. 1854*

*I 1875 var det enkja Marit som var bestyrar for bruket, sonen Ole var da heime og hjelpte mora. Også i 1878 var det enkja som brukte Kleiven.*

*Hans Kleiven fekk i 1898 festeseddel frå fogden mot årleg avgift 2 kr. Hans vart 1877 gift med Mari Paulsdotter Kårstad 1850-1928. Dei var i 1900 nemnde som gardbrukarar og husmenn, Hans var dessutan smed. I 1905 kjøpte Hans udyrka jord og bygde opp Åsberg. Hans og Mari hadde barna*

*Imbert 1879-1955, dreiv smie i Vågåmo, gift 1911 med Rønnaug Rolfsdotter Frisvold f. 1883*

*Pål 1881-1968, gift 1923 med Ragnhild Nyhus 1895-1931*

*Mathias 1884-1950, Storviksøygarden, gift 1915 med Marit*

*Nilsdotter Odden 1888-1968*

*Ingvald f. 1887, gift 1915 med Torø Finstad f. 1891, i Vågåmo*

*Ivar f. 1889, til Oppdal*

*Hans f. 1892, til Ringeby*

*Anne 1900-1987, gift med Per J. Ness 1883-1956, i midtre Ness.*

*Pål som var turistfører i Jotunheimen frå 1906 overtok Åsberg etter faren i 1920. I 1932 fekk han skjøte på nedre Kleiven frå Landbruksdepartementet for kr 150,-, med kjøpet følgde ingen rettar eller servituttar over den attverande statsalmening.*

*I 1938 fekk Henrik H Resvold skjøte på Kleiven for kr 1000,-. Skjøte var frå Marit Vågåsar, men hjemmelshavar Paul H Kleiven vedtok overdraginga. Henrik Resvold 1900-1981 var gift med Inger Ulsanden 1899-1996. Barna var Harald f. 1920, Hans f. 1926 og Gunnar f. 1929. Henrik og Inger overtok Resvold i 1948.*

*Henrik og Inger overtok Ulsandsetra på nördre Nistingen, og sidan har denne setra fylgd Kleiven. Henrik og Inger dreiv dermed samtidig både Skreppholet, Tassmyrhaugen og Ulsandsetra saman med Kleiven.*

*Kleiven vart seld til Marttingsdal som feriested, om lag 1975 fekk Frelsesarmeen bruket. Dottera til Pål Kleiven, Ingrid f. 1929 kjøpte i 1979 att bruket.*

*I 1875 var det i nedre Kleiven 1 ku, 5 sauer og 6 geit, medan dei sådde ½ tønne bygg, litt rug og 1 ¼ tønne poteter.*

***Kjelder: P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, s. 45,  
Norske Gardsbruk 1953–1997  
Folketelling 1865, 1875, 1900  
Utdrag kyrkjebøker for Vågå  
Pantebok/grunnbok  
Gudbrandsdalskommisjonens Indberetning 1882***